

# STANS PROSESSEN MOT NARVE TRÆDAL

## KVA HAR HENDT I TRÆDALSAKA:

Juni 1973: Narve Trædal arrestert, mistenkt for å ha gjort kjent to hemmelegstempla meldingar frå forsvarsovinga »Firm Sand». Han vedgjekk offentleggjeriinga, men sa seg ikkje straffeskuldig.

Trædal bad om å få saka for lagmannsretten, men det vart avvist.

Den 21. februar i år kom saka opp for Bodø byrett. Resultat: vilkårsdom på 60 dagar.

Trædal kravde straks ny realitetshandsaming i lagmannsretten. Kravet vart avvist. Saka vart så anka for Høgsterett.

I sommer oppheva Høgsterett dommen over Trædal. Premissane frå byretten var for mangelfulle.

Den 12. november skal Trædal på nytt for byretten i Bodø. Tiltalen vert den same; brot på § 69 (om teieplikt) og § 77.1 (om tenesteplikt) i den militære straffelova.



*Vi har spurt Trædal kvifor han gjekk til pressa med meldingane:*

– Eg meinte folk hadde rett til å få vite at Forsvaret stemplar anti-Nato propaganda som undergraving, på lik linje med landsvikarverksemd. Vi har sett at dei meldingane eg gjorde kjende ikkje er tilfeldige. Avsløringane frå »Good Heart», »Strong Express», »Wintex-73» og Etterrettings- og sikkerhetsskolen, syner at forsvarsleiinga systematisk stemplar progressive, Nato-motstandarar, streikande arbeidarar og studentar som mogleg indre fiende.

*Korleis vurderer du rettsaka?*

– Høgsterett oppheva dommen fordi premissane frå byretten var for uklære. No må byretten ta stilling til innhaldet i meldingane, og øvingsverksemda i det heile. Skal eg verte dømd etter § 69 må retten slå fast at eg ikkje hadde »skjellig grunn» til å offentliggjere telegramma.

Vi skal legge heile øvingsverksemda til Forsvaret på bordet framfor domarane og syne at eg hadde plikt til å seie i frå.

*Det vert hevda at du er med på å svekke tilliten til Forsvaret?*

– Ei sak er heilt klår; eg vil – slik som folk flest – forsvarare landet uansett kven som går til åtak, anten det er USA, Sovjet, England eller Tyskland, for å nemne dei mest aktuelle.

Den verkelege femtekolonnen er den som aktivt arbeider for å gjere landet avhengig av stormaktane, t.d. forsvarsleiinga og dei som styrer dei store monopolkonserna.

Vi kan ikkje ha tillit til eit forsvar som vender våpna mot folket. Forsvarsleiinga – og ikkje eg – skulle vert sette på tiltalebenken!

## Sett forsvarsleiinga på tiltalebenken !

Det er ikkje berre Trædal som skal for retten. Om ikkje lenge skal Steinsjøsaka opp for Høgsterett. Soldatane som solidarisererte seg med bygdefolket på Toten, og difor nekta skyte på Steinsjøfeltet, har dommar på 45 til 60 dagar utan vilkår hengande over seg.

I Oslo vert det demonstrasjon til støtte for Narve Trædal og Steinsjøsoldatane 8. november. Andre stader i landet vert det trulig og aksjonar dagane rundt rettsaka.



# Inga militærøving mot folket !

Frå øvingsverksemda (delar av meldingane):

»Good Heart» (jan./febr. 71):

SUF/FNL-grupper agiterte for streik. Sitdown-streiker ved bedrifter i Trondheim. Utsatt er Trondheim mek. verksted, Marienborg jernbaneverksted, NTH, NLH, NSB. Arrestasjoner i Ålesund, sabotasjeforsøk i Molde.

Strong Express (sept. 72)

1. Undergraving: anti-Nato demonstrasjon i Bodø, hovedsaklig studenter deltok. 12 arrestert.

2. Undergraving: syv personer som bærer anti-Nato slagord (her henvises det til en faktisk demonstrasjon i Finnsnes under øvelsen).

3. Militære sjefer må skjerpe vakthold og kontroll mot demonstrasjoner med de midler som er til rådighet.

Firm Sand (del av Wintex-73) (mars 73):

1. Ekstremister aktive med anti-Nato propaganda i Odda og Tyssedal. Sabotasje mot kaianlegg i Florø.

2. Undergraving: massemøter og demonstrasjoner ved ekstremister i Larvik, Bodø, Tromsø. Landsomfattende kampanje til støtte for »Kampanje for avskaffelse av Nato.»

3. Undergraving: »Kampanje for avskaffelse av Nato» – løpeseddelkampanje satt i gang over hele landet, slagord: Norge ut av Nato – Nato ut av Norge. Demonstrasjoner utenfor Stortinget, Den amerikanske ambassaden, Nato-hovedkvarteret (Kolsås).

Wintex-73 (sivile del):

2 øvingsinnstrukser og 33 meldinger offentliggjort. Rapporter om demonstrasjoner arrangert av »Norge ut av Nato». Sit-down streik i Sør-Varanger, anti-Nato kampanje ved storbedrift og behov for mottiltak fra myndighetene for å bevare ro og orden og maksimal innsats.

Forsvarets skole i etterretning og sikkerhet (FSES):

Detaljert rapport om 17 såkalte »SUF-kontrollerte organisasjoner» bl.a. Kulturfronten, Trafikkaksjonen, »Et sted å være», Solidaritetskomiteen for Vietnam, Palestina-komiteen, Kvinnefronten, Oslo Filmklubb.

(Vi kan nemne at alle meldingane er prenta i heilskap og grundig omtala i Trædalboka: »Soldaten som ikkje ville teie» (Forlaget Oktober).

## FORSVARSLIINGA

## PÅ TILTALEBENKEN

Er øvingsmeldingane glipp frå forvirra offiserar?

Nei – dokumentasjonen syner at Forsvaret stendig øvar seg mot delar av folket.

Fagforeininga Nordens Klippe (gruvearbeidarar i Sør-Varanger seier det slik (3/3-73):

»... Det som er skjedd er skremmende og betyr ikke annet enn at det bevisst blir gjort forsøk på å kriminalisere meninger som enhver norsk statsborger har krav på å gi uttrykk for. Men bakgrunn i at fagbevegelsen i slike øvelser blir behandlet som en indre fiende må denne utviklingen stoppes snarest mulig, og vi forlanger at LO straks reiser krav om rettsak mot de som står bak slike øvelser i Norge.»

## KVEN ER ANSVARLEGE

## FOR MELDINGANE?

Oberst Magnus frå Overkommandoen stadfesta i byretten i Bodø at Wintex-73 var ei sivil og militær øving for heile Nato. Hovudpunkta vert laga av SHAPE (Nato-hovudkvarteret), detaljane i dei einskilde landa. Felleskommandoen legg altså opp øvingar retta mot Nato-motstandarar i alle Nato-land.

Wintex-73 var ei totalforsvarsøving. I Noreg er Sikkerhetsutvalget (med statsministeren som formann) i regjeringa ansvarleg for totalforsvaret. Vi krev at dei verkeleg ansvarlege legg korta på bordet i staden for å halde fram med prosessen mot han som gjorde ein del av øvingsverksemda kjend.

## TA DEL I STØTTEARBEIDET:

Nordens Klippe er ikkje åleine om å støtte Trædal. Han har til no fått støtte frå over 100 fagforeingar og klubbar, vel 30 støttefråsegner frå soldatar. 80 frå skuleelevar og studentar og 80 frå ymse grupper og politiske parti.

På bakgrunn av dei sterke reaksjonane mot øvingsverksemda er det og lagt fram lovforslag i Stortinget som set forbod mot bruk av soldatar i streikekonfliktar o.l.

No står ei ny rettsak for døra. Til ho trengs det både pengar (til advokat, vitne, informasjon) og støttefråsegner. Støttekomiteen vil lage ei ny kvitbok, selge Trædalboka og spreie dette flaket over heile landet.

Vi skal syne at Trædal ikkje står åleine når han møter i Bodø 12. november

## SEND STØNAD TIL:

Støttekomiteen for Narve Trædal, v/Frode Mannsaker, 7b, 355, Studentbyen Kringsjø, Oslo 8.

Postgiro: 2 22 14 63

Kan treffes på som 346, SV-bygget, Universitetet, Blindern.

Tlf. 46 68 00 1.8327, sikrest ti/to 15-17.